

## Lindås kommune

### Friluftsområde - Kvamsvågen

Reguleringsplan:

Saksnummer: 2007/1345

3. gangs handsaming i plan-og miljøutvalet: 01.06.2011

Vedteke i kommunestyret: 16.06.2011, sak 70/11

Dato sist revidert: 05.01.11

### Reguleringsføresegner for områderegulering Kvamsvågen gnr 139, 141 og 142 m.fl., Lindås kommune (pbl § 12-7)

Føremålet med planframlegget er å regulere området til friluftsområde med tilhøyrande infrastruktur og grønt område.

#### § 1 Generelt

§ 1.1 Det regulerte området er vist på plankart i mål 1:1000, sist revidert 29.06.2010.

§ 1.2 Planområdet skal nyttast til følgjande føremål:

1. Busetnad og anlegg

(PBL-08 § 12-5 ledd nr 1 )

- Frittliggjande småhusbusetnad
- Fritidsbusetnad
- Fritids- og turistføremål
- Uteopphaldsareal

2. Samferdselanlegg og teknisk infrastruktur

(PBL-08 § 12-5,ledd nr 2)

- Køyreveg
- Gang veg
- Anna veggrunn
- Kollektivhaldeplass

- Parkeringsplass

3. Grønnstruktur

(PBL-08 § 12-5,ledd nr 3)

- Friområde

4. Landbruks-, natur og friluftsområde

(PBL-08 § 12-5 ledd nr 5)

- Landbruksføremål
- Friluftsføremål

5. Bruk og vern av sjø og vassdrag

(PBL-08 § 12-5 ledd nr 6)

- Ferdsel
- Småbåthamn
- Uthus/Naust/Badehus
- Badeområde

6. Omsynssoner

(Pbl § 12-6)

- Frisiktsone veg
- Faresone – Ras og skred
- Kulturmiljø